



Henning Olsen
Dalstøveien 122
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4626 - 14/19812

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
15.12.2014

GBNR 19/13 - Søknad om oppføring av garasje - Trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 8.12.2014. Det er søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett, jf pbl § 20-1, jf (byggesaksforskrifta) SAK10 § 3-1 bokstav b (mindre frittliggjande bygning som ikkje skal brukast til beboelse).

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. pbl § 21-2, jf § SAK10 § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Terrengprofilar; teikningar som viser terrenget før og etter oppføring av garasjen og plassering av garasjen. Kommunen tek atterhald om å krevje ansvarsrett for grunnarbeida på eigedomen dersom desse isolert sett inneber eit vesentleg terrenginngrep, jf pbl § 20-1 boksav k, jf SAK10.
2. Ytterlegare opplysningar om bruk av 2. høgde i garasjen og fasadeutforming.

Fasadeutforminga av garasjen med dør i 2. høgde, 3 vindauge og takopplett synast å legge til rette for bruk av garasjen til beboelse (overnatting) eventuelt etter tilbygg av altan. Dersom dette er riktig må tiltaket uansett omsøkast med ansvarsrettar, jf pbl § 20-1, jf SAK10 § 3-1 bokstav b.

3. Opplysningar om høgdeplassering (kote/moh) av garasjen; høvesvis topp overkant grunnmur og topp mønehøgde ved ferdig planert terreng.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.1.2014**. Kommunen krev at dokumentasjonen vert sendt eigar av gbnr 19/26 og 19/12, høvesvis Jarl Skauge og Tom Sturle Hansen seinast samstundes med oversending til kommunen. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ver venleg og referer til saksnummer 14/4626 ved kontakt med kommunen i anledning saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarl Skauge			
Tom Sturle Hansen	Glasskaråsen 29	5173	LODDEFJORD

Mottakere:

Henning Olsen	Dalstøveien 122	5918	FREKHAUG
---------------	-----------------	------	----------